



Fotograf og filmskapar Aleksander Rebaudo frå Uskedalen er tildelt Kvinnherad kulturstipend for 2019.

Fotograf og filmskapar Aleksander Rebaudo frå Uskedalen er tildelt Kvinnherad kulturstipend for 2019. Bak stipendet på kr. 50.000,- står Sunnhordland Kraftlag, Sparebanken Vest, Sparebank 1 SR Bank og Kvinnherad kommune. Aleksander bur i Oslo og har starta eige produksjonsselskap.

I grunnjevnga skriv juryen at Aleksander har stor fagleg kunnskap og mykje erfaring. Han har alt skaffa seg eit nettverk, set store krav til seg sjølv og har klare mål for framtida. Alt dette er viktige eigenskapar om ein skal satsa innan filmproduksjon.

Alekesander Rebaudo er nyskapande og kreativ. Stipendet skal nyttast til innkjøp av nytt utstyr med høg kvalitet. Fagleg dugleik, personlege eigenskapar, gode nettverk og profesjonelt utstyr er ein føresetnad for å nå fram i ein tøff filmbransje.

Aleksander utmerka seg tidleg som ein samfunnsengasjert elev i grunnskulen og på vidaregåande skule. Han var medlem og leiar i Ungdomens kommunestyre(UKK) og stod fram med innlegg og appell til det ordinære

kommunestyre.

Uskedalen.no helsar Aleksander og ynskjer han lukka til vidare som filmskapar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Pressebilete